



Vik kommune

# Resultat kampanje «Sjekk ditt personleg klimafotavtrykk»

Medverknad KPS – mai-august 2025

Avd. plan og forvaltning

#velkomentilvik



VERDSARVKOMMUNE

## Sjekk ditt personleg klimafotavtrykk!

### Kva klimafotavtrykk har vi egentleg, vi som bur i Vik?

Vårt personlege klimafotavtrykk er direkte og indirekte utslipp av klimagassar som vi skapar gjennom forbruket vårt og vanane våre, t. d. ved å køyre fossildriven bil eller ved å handle mat og andre produkt, som ofte blir produsert utanfor kommunen. Det gjennomsnittlege klimafotavtrykket for innbyggjarane i Norge er rekna til å vere på 12,6 tonn CO<sub>2</sub>e. For Vik er gjennomsnittet 14,3 tonn (kjelde: <https://app.folketsfotavtrykk.eco/>). Det er berekna at vi globalt må ned til under 3 tonn CO<sub>2</sub>e per person for å avgrense global oppvarming til under 1,5 grader.

Men for kor mykje CO<sub>2</sub>-utslipp står du og eg i kvardagen? No inviterer vi alle i kommunen til å vere med og finne det ut – for å skape ei meir berekraftig framtid i Vik!

Som ein del av arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen vil vi oppmode deg om å prøve Ducky sin klima-kalkulator og sjå korleis ditt forbruk påverkar klimaet. Det tek ikkje mange minuttar – og det kan hjelpe deg til å redusere ditt personleg klimafotavtrykk.

🔗 Du finn klimakalkulatoren her: <https://openfootprint.ducky.eco>

Vi vonar at mange vil vere med og sjekkar klimafotavtrykket sitt. Vi set pris på om du delar resultatet ditt anonymt ved å svare på fyrste spørsmålet i skjemaet under, slik at vi får ei idé om kor mangen innbyggjarar som har prøvt klimakalkulatoren. Vi har også lagd til tre spørsmål som vi set pris på om du svarer på.

Du kan også velje å ikkje svare anonymt. Vi loddar då ut premiar blant dei som oppgjev e-postadressa i spørjeskjemaet.

### Best i Sogn – kva for kommune får flest til å registrere sitt klimaavtrykk?

Vik kommune utfordrar resten av kommunane i Sogn til ein konkurranse om å få flest mogleg til å registrere sitt klimaavtrykk. Til den beste kommunen ventar heider, ære og eit viktig bidrag i skape eit meir berekraftig Sogn! Bli med!

Helsing  
Roy Egil Stadheim  
Ordfører

#velkomentilvik

## Oversikt over svar

Lukka

Svar

15



Gjennomsnittleg tid

07:12




Tidslengd

109 Dagar

1. Kva var ditt totale klimafotavtrykk i fylgje klimakalkulatoren?

- under 3000 kg 1
- mellom 3000 og 6000 kg 2
- mellom 6000 og 9000 kg 4
- mellom 9000 og 12600 kr 2
- over 12600 kg 6



#velkomentilvik


## 2. Var det noko du blei overraska over i klimakalkulatoren?

12 Svar

ID ↑	Namn	Svar
1	anonymous	Nei
2	anonymous	Overraskande at så overfladisk input i kalkulatoren kan resultere i dette: "Vi tar hensyn til alle direkte og indirekte kilder til utslipp og gir et helhetlig og presist estimat."
3	anonymous	Nei
4	anonymous	Nei
5	anonymous	Nei
6	anonymous	Ja
7	anonymous	Kor mykje eg faktisk brukar
8	anonymous	kor stort klima avtrykk eg hadde på husholdning og mat
9	anonymous	Nei
10	anonymous	Nei
11	anonymous	Huset treng for mykje energi for ein person
12	anonymous	Ja. Sidan eg ikkje har førarkort. Og går, sykklar eller reiser kollektivt.

3. Er det noko du vurderer å gjere annleis etter å ha teke klimakalkulatoren? Det er mogleg å velje fleire.

- Køyre mindre eller vurdere el-bil 3
- Reise mindre med fly 2
- Endre kosthald, t. d. mindre kjøt og meir kortreist mat 3
- Dyrke meir mat sjølv 5
- Redusere straumbruken heime 4
- Reparere meir i staden for å kjøpe nytt 6
- Ingenting akkurat no 6
- Anna 1



#### 4. Er det noko kommunen kan gjere for å legge til rette for at du kan ta meir klima- og miljøvenlege val i kvardagen?

10 Svar

ID ↑	Namn	Svar
1	anonymous	Prøve å få ei delebilordning til Vik. Då droppar eg eige bil.
2	anonymous	Flere sykkelveger, betre kollektivtilbod heile året
3	anonymous	Kommunen burde skille på tydeleg på klimavenleg og miljøvenleg - sokalla "klimavenlege tiltak" er svært ofte ikkje særleg miljøvenlege.
4	anonymous	Nei
5	anonymous	Nei
6	anonymous	Jobbmessig bør me bli flinkere til å sortere boss. Innan helse er det mykje søppel kvar dag og der kan me bli mykje betre
7	anonymous	i jobbsamanheng kan me ha mykje større fokus på å kjeldesortere avfall. innan helse.
8	anonymous	Halde fram med å tilrettelegge for gjenbruk og gjenvinning
9	anonymous	Bygga meir sykkelvegar
10	anonymous	Legge til rette for fleire avgangar med buss til og fra Sogndal. Også i helgane.